

# Soga om Ølen vidaregåande skule

Av Olaf A Hamre

## Føreord

Når ein skal skriva soga om Ølen vidaregåande skule, kunne gjerne undertittelen vore - skule mot alle odds. For ein triller var det fram til skulebygget stod på plass. Tankar om gymnaset – som det då heitte – hadde ein då hatt i nesten 30 år. Først fekk ein strid mellom Etne og Ølen om lokaliseringa av gymnaset. Ølen som låg sentralt til om ein kunne rekna Vindafjord med. For Etne var det viktig å visa at Etnesjøen var best om ein kunne sannsynleggjera liten søknad frå Vindafjord. Som i dei fleste lokaliseringsstridar engajserte lokalpolitikarane seg sterkt. Endå beiskare vart striden då den nye skulelova medførte at all vidaregåande undervisning skulle samlast og Etne og Sandeid sitt avviklast. Ein ser og at Rogaland stadig ber om nye presiseringar av vedtak i Hordaland før dei seier ja til avtale, otten var nok stor for at skulen i Sandeid måtte leggjast ned medan klassane i Etne skulle bestå. Skulestriden forsura nok samarbeidsklimaet kommunane imellom i mange år. Fåren med ein slik lokal strid er at medan dei små (kommunane) sloss, så stikk nokon annan av med bytte. Så lenge regionen ikkje var samd med seg sjølv, var det vanskeleg å få skulen opp på nokon prioriteringsliste. Eg vil nemna særskilt fylkesopplæringsdirektør Gunnar Dale for det klårsynet han viste både med å halda fast ved målet om ein skule for regionen, og for å ha evne til å få saka gjennom i dei politiske fora.

## Førebuinga

Første gongen gymnas i Ølen var omtala i fylkessamanheng, var truleg i samband med skipinga av gymnaset på Stord (oppretta i 1959 som Sunnhordland gymnas). I fylkesmannen si saksutgreiing om gymnaset, uttalte han m.a. at han såg det ikkje som urimeleg om det ein gong i framtida også ville bli aktuelt å oppretta gymnas på Os og i Ølen.

Saka vart truleg ikkje omtala meir før hausten 1965. På eit folkemøte i Revahallen i Ølen, der emnet var korleis ein ynskte at bygda skulle utvikla seg, sa skulesjef Løvdahl at realskulen sine dagar var talde, og at ein burde halda fram det gode interkommunale samarbeidet om realskulen med å arbeida for å få gymnas til bygda. (Ølen hadde då hatt realskule sidan 1941. Skulen var interkommunal frå 1959 for kommunane Etne, Vindafjord og Ølen.

Kommunen hadde innført 9-årig skule i 1965. Etne kom etter i 1966. Og til slutt dreiv Vindafjord realskulen åleine fram til 1975.)

Haugesunds Avis kom dagen etter møtet med eit stort oppslag om gymnasplanane i Ølen. Nokre dagar etter melde avisa at Etne formannskap hadde valt ei kommunal nemnd som skulle arbeida for gymnas i Etne. Formannskapet i Ølen tok då kontakt med Etne og Vindafjord kommunar for å få vald ei interkommunal nemnd som skulle arbeida for å få gymnas i regionen. Nemnda på 9 medlemmer konstituerte seg med skulesjef Johannes Løvdahl som formann. Nemnda hadde fleire møte og kartla m.a. elevtal og skuleskyss om skulestaden vart Ølen eller Etne. Til slutt delte nemnda seg i eit fleirtal på 5 røyster for Ølen som skulestad og 4 for Etne. Etne trekte seg deretter frå arbeidet i nemnda. Å få til eit interkommunalt arbeid om gymnassaka viste seg umogeleg. Etne vende seg til rektor ved Stord gymnas med førespurnad om han ville administrera gymnasklassar i Etne. Ølen vende seg då til rektor ved Odda gymnas med same spørsmål, men med skulestad i Ølen. Ølen fekk til svar at rektor var positiv, men sette som vilkår at gymnasklassane vart godkjende av fylket.

Etne fekk truleg liknande svar frå Stord. Begge kommunane søkte nå fylket om godkjenning av gymnasklassar.

Spørsmålet om samarbeid med Rogaland fylkeskommune om utbygginga av det vidaregåande skuleverket i kommunane Ølen og Etne i Hordaland og Vindafjord i Rogaland vart teke opp av Hordaland fylkesskulestyre i 1969. På det tidspunktet fann Rogaland ikkje grunnlag for samarbeid.

Saka vart på ny aktuell i 1972. Forsøksrådet for skuleverket utarbeidde på dette tidspunktet ei tilråding om utbygginga av heile det vidaregåande skuleverket i Hordaland. Forsøksrådet skreiv slik om kommunane Etne og Ølen:

”En tilrår at det etableres et allsidig videregående skoletilbud for Indre Sunnhordland skoleregion. Etter avtale med Vindafjords og Rogalands myndigheter bør anlegget dimensjoneres med tanke på at den også skal dekke Vindafjords behov for elevplasser. Skolen bør bygges som et kombinert anlegg og en tilrår at det lokaliseres til Ølen. Forutsatt at lokaliseringsstedet kan avklares, bør skolen gis høy prioritet.

Anlegget bør dimensjoneres ut fra et årgangstall på ca. 150 – 160, og gi et tilbud av omfang som antydnet ovenfor. Dersom en finner det ønskelig å etablere en kombinert skole i Ølen, der også tilbud i handel- og kontorfag inngår, vil dette måtte ha som konsekvens at yrkesskolen for handel- og kontorfag i Sandeid overflødiggjøres. Å finne en annen anvendelse av denne må anses å være en viktig del av det samlede planløsningsarbeidet i regionen.”

På dette grunnlaget tok fylkesskulesjefen i Hordaland (Steinar Sælen) spørsmålet om samarbeidet med Rogaland på ny opp med Rogaland fylkeskommune. Fylkesskulesjefen i Rogaland la saka fram for sitt fylkesskulestyre som nå gjorde vedtak om samarbeid med Hordaland. Fylkesskulestyret i Rogaland sette likevel som vilkår for samarbeidet at Ølen vart vald som skulestad. Fylkesskulestyret slutta seg til desse merknadene frå fylkesskulesjefen i Rogaland:

”Fylkesskolesjefen vil gjerne understreka dette og for eigen del leggja til at vilkåret for samarbeid mellom Hordaland og Rogaland om utbygging av vidaregåande skoletilbod er avhengig av at Hordaland viser vilje til å ta omsyn til elevane frå Rogaland ved plassering av skolen. Dersom Hordaland skulle byggja ein skole for egne elevar frå Ølen og Etne, ville Etne peika seg ut som naturleg skulestad. Dersom Etne blir vald som skulestad når elevane frå Vindafjord og skal få utdanninga si der, må det bety at det ikkje har hatt nokon innverknad på plasseringa av skolen at skoleregionen er utvida med 50% når det gjelder elevgrunnlaget, og at denne utviklinga kommunikasjonsmessig betyr utviding i lengderetning av skoleregionen.”

Realiteten i Rogaland sitt syn i saka syntest heilt klår. Rogaland ba og om ei endeleg avklaring i Hordaland med omsyn til skulestad.

Saka var føre i fylkestinget i Hordaland i 1973 i samband med plan for utbygging av det vidaregåande skuleverket i heile fylket. Fylkestinget var den gongen samansett av alle ordførarane i kommunane i Hordaland og leia av fylkesmannen. Det vart eit kvasst ordskifte mellom ordførar Haugland frå Ølen og ordførar Gravelseter frå Etne om lokaliseringa. Fylkestinget slutta seg til desse punkta som eit speisialutval hadde arbeidd ut:

1. Det bør planleggjast ein vidaregåande skole for Etne – Ølen – Vindafjord. Ein viser i så måte til det primære framlegget frå Ulveseth – utvalet
2. Den vidaregåande skolen bør byggjast ut med dei fire hovudstudieretningane, Gymnas, yrkesskole, handel og kontor og husstell.

3. Kostnadene med reising av skolen må berast av det fylket og den kommune som skolen blir plassert i.
4. Fleirtalet i utvalet har kome til at Ølen er best eigna som skolestad.
5. Samarbeidsavtalen mellom Rogaland og Hordaland om refusjonsordning for elevar i vidaregåande skolar, m.a. frå Sveio vert halden ved lag.

Realiteten i Hordaland fylkesting sitt vedtak i 1973 var også heilt klår. Skulen i Ølen vart likevel ikkje prioritert på den utbyggingsplanen som fylkestinget vedtok i 1973.

## **Grunnmuren**

(Det som alt var av undervisning på vidaregåande skulenivå i samarbeidskommunane)

### **Sandeid Handelsskule**

I 1960 oppretta Sandeid kommune, i samarbeid med Rogaland mållag, handelsskule. Skulen vart seinare overteken av Rogaland fylkeskommune og fekk eigne lokale i 1964/65. Namnet vart endra til Sandeid vidaregåande skule. I tillegg til eittårige grunnkurs i handels- og kontorlag, vart i 1976 skulen utvida med såkalla 2-årig kombinert grunnkurs. Det var eit 2-årig kurs der elevane las grunnkurs i allmennfag og grunnkurs i handels- og kontorlag i kombinasjon. Seinare vart skulen utvida med eit tilsvarande kurs med kombinasjonen allmennfag/idrettsfag. Trygve Mikal Viga var tilsett som rektor på skulen. Viga var også ordførar i Vindafjord kommune i perioden 1976 – 87. Av andre lærarar som underviste på Sandeid, kan ein nemna Gunnar Ulland, Ove Gabrielsen, Judith Kallevik, Kirsten Viga, Åsmund Eikeland, Svein Sævereid, Bjørn Røgelstad og Audun Heggebø. Johannes Silde var rådgjevar ved avdelinga i perioden 1982 – 89.

### **Yrkesskulen i Etne**

Etter initiativ frå Etne kommune oppretta Rubbestadnes yrkesskule i 1963 filialklasse i Etne. Filialen hadde eittårig kurs i maskin- og mekanikarlag. Skulen heldt i mange år til i ei murbrakke i Engeleiren. Elevane hadde 20 timar verkstadpraksis i veka, og kurset var eit godt tilbud til ungdommen. Av lærarar som underviste her kan ein nemna: Torstein Aasbø, Marthon Hustoft og Arnfinn Kringlebotten. Kringlebotten hadde reist mange år som maskinist i utenriksfart og hadde også vore misjonær i Eitopia i fleire år. Han hadde mykje interessant å fortelja om. Omlag 1983 sette Etne kommune opp nybygg for yrkesskulen (der ASVO held til i dag). Dette hadde plass for verkstad og teorirom.

I 1970 overtok Odda yrkesskule administrasjonen av klassane, samstundes vart det også oppretta eit eittårig grunnkurs i hushaldsfag. Dei heldt til i ein fløy på Enge skule. Her underviste Vigdis Boland Rønnevik.

I tillegg var det i Etne jordbruksskuleklassar som gjekk på jordbruksskulegarden på Tesdal. Desse klassane var administrerte av Stend jordbruksskule.

### **Ny lov om vidaregåande skule.**

I 1974 kom ny lov om vidaregåande opplæring (Steen komiteen) Yrkesskular og gymnas vart då ulike studieretningar innan vidaregåande skule. Det vart då vanleg å ha fleire studieretningar på ein vidaregåande skule (kombinert vidaregåande skule). (Komiteen gjekk inn for gymnas som felles nemning, men det vart altså vidaregåande skule som vart det vedtekne.)

## Gymnasklassar i Ølen

I 1976 oppretta Hordaland fylke to 1. klassar i allmennfag grunnkurs (som var den nye nemninga på gymnaset) i Ølen. Klassane var filialklassar administrerte av Stord gymnas. Rektor var Samson Bogsnes som vikarierte for rektor Harald Slettebø som sat på Stortinget for Frp. Rektor Bogsnes fekk snart kjelenamnet onkel Sam av elevane. Opprettinga av klassane kom nok brått på for Bogsnes fekk berre nokre dagar på seg til å setja opp budsjett, og ordna med utlysing av stillingar. Kommunen ordna med 2 rom i helsehuskjellaren der realskulen tidlegare hadde gått. I naturfag vart naturfagrommet på ungdomsskulen nytta, men Bogsnes sette som krav at salen vart ombygd til amfi. Kommunen heldt då på å byggja ut symnehall/gymnastikkbygg, men dette var ikkje ferdig til bruk før januar 1978. I mellomtida vart Revahallen nytta som provisorium. Han var lite eigna til gym, og dusjing etter timane vart det knapt. Eg reknar med at det vart mykje utegymnastikk/turgåing i denne perioden.

Det var departementet som tilsette den gongen, etter innstilling frå skulen, og frå fylkesskulestyret. Tre lektorar vart tilsette i undervisningsstilling. Det var Børge Torgersen som kom fersk frå universitetet, Sverre Nilsen kom frå Øystese gymnas, og Olaf A. Hamre som kom frå grunnskulen i Ølen. Dei to første var filologar, den siste realist. Som reinhaldar vart Berit Hunseid tilsett.

Om ettermiddagen dagen før elevane skulle møta, kom ein lastebil med pultar og tavler. Krit og svampar vart henta hos Magne Haugland. Første skuledagen kom rektor Bogsnes i 9-tida for å orientera lærarane. Han hadde med seg boklister, timeplanar og reglement for Stord gymnas og lite anna. Så kom elevane og fekk si orientering. Grannar var møtt fram, intervjuar og fotograferte. Det var fulle klassar med elevar frå dei tre samarbeidskommunane, berre 9 frå Etne, men etter måten mange frå Vindafjord. Etter kvart fekk ein meir utstyr og undervisninga gjekk greitt. Både elevar og lærarar kjende seg som pionerar, og elevane var topp motiverte, noko som sidan viste att i gode resultat ved avgang. Gymnasområdet kom snart på folkemunne som "den røde plass". Det avspegla truleg den politiske innstillinga til nokre av lærarane. Det var ikkje utpeika nokon til leiar i Ølen, slik at den daglege administrasjonen av klassane var eit kollektivt ansvar for dei tre lærarane. Stord gymnas administrerte også filialklassar på Bømlo, seinare Bømlo vgs. Og alle i lærarmøta vart lærarane samla på Stord. Ferja gjekk den gong frå Utbjoa og inn på vika i Leirvik. Ein kan nemna at Grete Lysen frå Ølen vart innvald som elevrepresentant i det felles skuleutvalet.

Etter kvart som skuleåret gjekk melde spørsmålet seg om elevane måtte søkja andre skular til 2. klasse, eller skulle det opprettast nye klassar i Ølen? Etter søknad frå skulen, fekk ein melding om at det var oppretta to andre klassar frå august 1977. Det var nokså kritisk med rom. Ølen heldt på å byggja gymnastikksal/symnejebasseng og nytt samfunnshus, men dette var ikkje ferdig enno. I mellomtida vart det endå meir provisoriske løysingar. Ein av dei nye klassane laut gå i underetasjen på ungdomsskulen og ein annan i møterommet oppe i helsehuset. I vidaregåande kurs I, som det heitte, la ein nå opp til deling av elevane i naturfagleg og språkleg line. To av elevane slutta etter grunnkurset, elles heldt resten fram i 2. klasse. Børge Torgersen fekk stilling ved Sandnessjøen gymnas og slutta i Ølen. Olaf A Hamre vart tilsett som undervisningsinspektør og fungerte som dagleg leiar. Sverre Nilsen fekk stilling som rådgjevar. Samstundes vart lektorane Allan Myrvang, Audun Namtvedt, Trygve Handeland, Ole Agnar Aadland og adjunkt Hans A. Aasbø tilsette. Dei første var filologar, den siste realist. Myrvang kom frå Vestvågøy gymnas, Namtvedt frå Alta gymnas, Handeland frå Kvinnherad vgs, Aasbø frå Sandeid skule og Aadland fersk frå universitetet. Nå var det fylkesskulestyret som tilsette i undervisningsstillingar, medan departementet framleis tilsette i administrative stillingar. Med det nye skuleåret forsvann også det folkelege

namnet "den røde plass" om skulen. Utpå hausten –77 vart samfunnshuset ferdig og dei 2 andreklassane flytta ned hit. Dei fekk begge plass i litesalen med ein lett foldevegg i mellom. Det var ikkje særleg lyddemping i denne veggen, så det var ikkje noko problem å fylgja undervisninga i to rom samstundes. Lærarane fekk opphalds- og arbeidsrom i skodespelargarderoben, rådgevaren kontor på andre sida av scena, opp mot vegen, og så var det eit lite kontor til dagleg leiar. Ved stortingsvalet –77 misste Slettebø plassen sin på Stortinget, og kom att som rektor på Stord. Bogsnes gjekk over i stilling som studieinspektør på Stord. Slettebø gav klart uttrykk for at klassane i Ølen skulle ha ei nokså fri stilling ansynes Stord. Gjer som de vil, men ikkje gjer noko ulovleg, var signalet han gav. Det var nå nokså klart at eigen administrasjon for skulen var i kjømda. Det vart gjort førebuingar for rom til nye klassar. Ølen kommune sette på forsommaren –78 opp eit brakkebygg (byggstege I parallelt med vegen). Dette hadde rom for 2 klassar og naturfag, rom til rektor, 2 inspektørar og kontordame. Romma til dei to inspektørane var i austre enden av brakka, og hadde ikkje direkte adkomst til rektor/kontordame.

## **Oppretting av Ølen vidaregåande skule**

### **Arbeidet på fylkesplanet**

Hordaland fylke tok opp spørsmålet om sams administrasjon for klassane i Ølen, Etne og Vindafjord. Drøftingar kom i gang med Rogaland. På eit møte i Bergen 2. desember 1977 vart det presisert frå Rogaland at spørsmålet om å slå saman til ein felles administrasjon den undervisninga som var i gang i Ølen og Etne, var eit spørsmål Hordaland sjølv måtte avgjera. Undervisningstilbod lagde til Etne vart frå Rogaland si side ikkje sett på som reelle tilbod til elevane frå Rogaland.

I møte i desember 1977 gjorde fylkesskulestyret i Hordaland vedtak om å tilrå at det vart skipa ein sams administrasjon for gymnasklassane i Ølen, husstell- og mekanikarklassne i Etne, frå hausten 1978. Fylkesskulestyret rådde vidare til at det skulle skipast turvande administrative stillingar, og at namnet skulle vera Ølen/Etne vidaregåande skule. Fylkesskulestyret rådde også til at Sandeid handelsskule vart lagt inn under same administrasjonen som resten av skuletilbodet i regionen frå 1. januar 1979, og at Hordaland fylkeskommune skulle ta over drifta ved Sandeid handelsskule og utstyret frå same datoen, og får refusjon frå Rogaland for elevar frå dette fylket etter gjeldande avtalar. Inntil det er bygt ny skule i Ølen leiger Hordaland fylkeskommune Sandeid handelsskule sine bygningar. Klassane i Sandeid vert overførte til den nye skulen i Ølen så snart denne står ferdig. Lærarane ved Sandeid handelsskule vert formelt overførte som arbeidstakarar i Hordaland fylkeskommune frå 1. januar 1979. Fylkesskulestyret tok sikte på å ta opp drøftingar med Rogaland om ein avtale så snart saka var formelt handsama både i Hordaland og Rogaland fylkeskommunar.

Fylkesskulestyret i Rogaland handsama det opplegget fylkesskulestyret i Hordaland hadde vedteke i møte 8. februar 1978. Fylkesskulestyret slutta seg til framlegget, men streka under at vedtaket byggjer på samarbeidsavtalen som var inngått mellom dei 2 fylka tidlegare i 1973. Fylkesskulesjefen i Hordaland la i april –78 saka om eigen administrasjon osv. for Ølen, Etne og Vindafjordregionen fram for fylkesutvalet. Han rådde til at det vart skipa eigen administrasjon for klassane i Ølen og Etne, men rådde til at namnespørsmålet og spørsmålet om samarbeid med Rogaland burde utstå til Rogaland hadde handsama saka ferdig. Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Då saka var til handsaming i Rogaland fylkesutval, gjorde dei vedtak om å be om forhandlingar med Hordaland for å få nærare klårlagt einskilde uklåre tilhøve: t.d. føresetnaden om samling av vidaregåande undervisning i Ølen. Fylkesutvalet ynskte også å drøfta einskilde andre spørsmål m.a. av personalmessig karakter. Fylkesutvalet valde eit utval på tre (fylkesskulestyreformannen, fylkesskulesjefen og fylkesrådmannen) som skulle drøfta dette med Hordaland.

Det nemnde utvalet heldt møte i Bergen 8. juni 1978 med representantar frå Hordaland fylkeskommune. Frå Hordaland møtte fylkesskulestyreformannen, fylkesskulesjefen, konsulent Aksnes frå skulekontoret og fylkessekretær Stiansen frå fylkesrådmannen sitt kontor.

I protokoll frå møtet heiter det at Rogaland fylkeskommune ikkje kunne sjå at det var kome tilstrekkeleg klårt fram om dei fire hovudstudieretningane i det vidaregåande skuletilbodet for Ølen, Etne, Vindafjord-regionen skal leggjast til Ølen, og når dette eventuelt kan gjennomførast. Representantane frå Rogaland presiserte at før Rogaland fylkesting kan ta standpunkt til ein samarbeidsavtale med Hordaland, må slik klårgjering liggja føre.

På bakgrunn av dette gjorde fylkestinget i Hordaland i møte 15. juni 1978 slikt vedtak:

- I. Fylkesskulestyret vert beden om å vurdera på ny saka om det vidaregåande skuletilbodet i Ølen, Etne og Vindafjord-regionen, særleg spørsmålet om samarbeidet med Rogaland fylkeskommune.
- II. Fylkesutvalet sitt vedtak av 6. april 1978, sak 169A, vert førebels ikkje sett i kraft.
- III. Fylkesskulestyret får fullmakt til å skipa ein eigen administrasjon for vidaregåande klassar i Ølen og Etne, førebels for skuleåret 1978/79

Med heimel i fullmakta tilsette fylkesskulestyret nå mellombels rektor, undervisningsinspektør og studieinspektør for klassane.

### **Ølen vidaregåande skule – med eigen administrasjon, men berre for Ølen og Etne.**

Med dette vedtaket i fylkestinget vart gymnasklassane i Ølen og dei tre klassane i Etne slegne saman til ein sjølvstendig skule, med Ølen som administrasjonsstad, frå 01.august 1978. Som rektor vart tilsett Samson Bogsnes frå Stord gymnas, Olaf A Hamre heldt fram som undervisningsinspektør og Marthon Inge Hustoft frå avdelinga i Etne tilsett som studieinspektør. Hustoft fungerte i tillegg som dagleg leiar for avdelinga i Etne. Fylkesskulestyret var nå suverent i alle tilsetjingssaker, utan innblanding frå departementet. Skuleåret 1978/79 dagpendla rektor Bogsnes til Ølen frå Stord, året etter flytte han til Ølen.

Skulen fekk sitt eige styringsorgan – skuleutval. Her kan ein nemna at Bjørn Furre (Krf) frå Etne og Margreta Rønningen (Ap) frå Ølen vart utpeika av fylkesskulestyret som politiske representantar i det første utvalet. Desse vart sitjande i utvalet i ei årrekkje og gjorde eit viktig arbeid med å fremja skulen sine interesser.

Sverre Nilsen fekk ny stilling ved Dalande vgs (Egersund), og sa opp stillinga si i Ølen. Ole Agnar Aadland overtok som rådgjevar etter han. Med dei to nye klassane i allmenne fag som kom hausten –78, var det nå i alt 9 klassar ved skulen. To parallelar på AF (6 kl), ein klasse hushaldsfag (HH) og to klassar grunnkurs mekaniske fag (HI). I 1979 fekk skulen budsjett til å oppretta ei halv stilling som kontorassistent. Tilsett vart Wenche Nordhus. Skulen kjøpte vaktmeisterteneste tilsvarande ei halv stilling hos Ølen kommune. Denne tenesta hadde Johan Vinje i mange år.

Våren 1979 skulle det første kullet på AF ta avsluttande eksamen, og vitnemål utskrivast, men skulen hadde ikkje fått namn. Tidlegare hadde ein brukt nemninga Stord gymnas – Ølen filial, eller gymnasklassane i Ølen. Fylkesskulestyret hadde i desember –77 tilrådd at skulen fekk namnet Ølen/Etne vidaregåande skule. Det kom vel endåtil så langt at det var stempel og skrivepapir på skulen med det namnet. Våren 1979 vedtok fylkesutvalet at namnet skulle vera Ølen vidaregåande skule. Likeins vart den mellombelse administrasjonsordninga prolongert til også å gjelda ut skuleåret 1979/80.

Det første russekullet tok avsluttande eksamen med godt resultat. På avslutningsfesten var den raude tråden i talen til rektor Bogsnes om kor viktig det var for ungdomane og bygda at dei kunne ta vidaregåande utdanning og samtidig bu heime.

Sidan januar –78 hadde ein nå hatt skule på to plasser i Ølen, i helsehuskjellaren og i området samfunnshuset/brakkka. Det vart frå skulen peika på kor tungvindt det var med denne delinga, og Ølen kommune sette dermed opp endå ein brakkefløy sommaren 1979. Denne fløyen som hadde retning nedover mot fjorden, hadde to klasserom og i tillegg rom for rektor, resten av administrasjonen, kontordame, arkiv og kopiering. Heile administrasjonen hadde dermed kontora samla. Det første rektorkontoret i den gamle fløyen vart omgjort til grupperom. I samfunnshuset og i desse brakkene heldt såleis elevar og tilsette ved gymnasklassane til fram til nybygget stod klart til innflytting i 1989.

### **Hordaland fylkeskommune arbeider vidare for å få til samarbeid med Rogaland.**

Fylkesskulesjefen arbeidde vidare for å få saka opp på ny. I ei utgreiing til fylkesutvalet den 8. februar 1979 peikar han m.a. på at Vindafjord yter 42% av eit årgangstal på 200 i regionen Ølen/Etne/Vindafjord. Han skriv vidare: ”Utan Vindafjord kommune knytt til regionen vil grunnlaget for ein eigen vidaregåande skule verta magert. .... Det er likevel ikkje til å leggja skjul på at eit samarbeid mellom Rogaland og Hordaland fylkeskommunar etter desse retningslinene (med Ølen som skulestad) også vil gje visse negative utslag på bae sider av fylkesgrensa. Opplegget fører nemleg til at grunnlaget for drift fell bort for Sandeid handels-skole i Vindafjord i Rogaland og husstell klassen og maskin- og mekanikarklassane i Etne i Hordaland frå det tidspunkt skulen i Ølen står ferdig.” Men han ser dette alternativet som det beste for å skapa eit godt vidaregåande skuletilbod i denne delen av fylket. I juni -78 hadde fylkestinget prioritert Ølen på 10. plass på utbyggingslista for vidaregåande skular. Fylket måtte altså byggja skular for om lag 200 millionar kroner før Ølen stod for tur. Med fylket sin dårlege økonomi, ville det nok ta ein del år før prosjektet i Ølen kunne realiserast.

Fylkesutvalet oppnemnde ei tingingsutval som bestod av form. i fylkesskulestyret Ingebjørg Prestegard og fylkesutvalsmedlemmene Ingebrigt Rossehaug og Håkon Holgernes. Rogaland nemnde opp eit tilsvarande utval som besto av form. i fylkesskulestyret Jon Tveit og fylkesutvalsmedlemmene Magne Løvik og Arne Helvik. Tingingsutvala hadde sitt første møte den 7. mai 1979 i Stavanger. I tillegg møtte frå administrasjonen i dei to fylka rådmann Fredrik Wendt, økonomisjef Arne C. J. Hauge, skulesjef Gunnar Leiro (alle frå Rogaland) og rådmann Nils T. Selvik, skulesjef Steinar Sælen og fylkessekretær Johnny Stiansen frå Hordaland. Frå protokollen kan ein lesa:

1. Partane såg Ølen som ein naturleg skulestad for ein region med Øle og Etne kommunar i Hordaland og storparten av Vindafjord kommune i Rogaland. Partane fann det naturleg at siktemålet må vera å samla den vidaregåande utdanninga i regionen i Ølen. Dette er i samsvar med tidlegare vedtak i Hordaland fylkesting.
2. Representantane frå Rogaland fylkeskommune heldt fram at det er eit svært vesentleg punkt for Rogaland at den vidaregåande utdanninga vert samla i Ølen og at utbygginga ikkje vert delt opp, men vert gjort i eit byggesteg snarast mogeleg. På bakgrunn av den sterke oppmodinga frå

Rogaland sa tingsutvalet frå Hordaland seg viljug til å tilrå for dei fylkeskommunale organa i Hordaland at utbygginga av den vidaregåande skulen i Ølen skjer i eit byggesteg som då skal innehalda dei fire hovudstudieretningane, allmenne fag, handverk- og industrifag, handels- og kontorlag og hushaldsfag. Subsidiært vil tingsutvalet i Hordaland tilrå at eit første byggesteg iallfall skal innehalda studieretning for allmenne fag, handverks- og industrifag og hushaldsfag. På bakgrunn av oppmodinga frå Rogaland fann tingsutvalet frå Hordaland at det også vil be fylkestinget i Hordaland sjå nærare på tidspunktet for utbygginga i Ølen. Tingsutvalet presiserte likevel at det førebels vanskeleg kan sjå at ein kan foreslå vesentlege endringar i den prioriteringsplanen fylkestinget alt har vedteke.

3. Som ein konsekvens av punkta 1 og 2 vert dei noverande klassane i Etne (klassar i studieretning for handverk- og industrifag og husstellfag) og klassane i Vindafjord (klassar i studieretning handels- og kontorlag) å overføra til skulen i Ølen frå det tidspunktet den nye skulen står ferdig. Fylkestinga i Hordaland og Rogaland må gjera særskilde vedtak om dette.
4. Saka vert no å ta opp i dei politiske organa i Hordaland og deretter i Rogaland. Når det ligg føre vedtak i fylkestinga i både Hordaland og Rogaland må det takast opp vidare drøftingar om meir praktiske sider ved samarbeidet, m.a. må ein ta sikte på å koma fram til tilfredstillande ordningar for dei tilsette ved klassane i Etne og Vindafjord.
5. Representantane frå Hordaland gjorde merksam på at gjeldande vedtak om administrasjonsordning for klassane i Ølen og Etne berre gjeld for inneverande skuleår. Pga. den handsamingsmåten punkt 4 legg opp til, er det turvande å lengja den noverande ordninga ut skuleåret 1979/80, slik at ein får tid til å handsama saka etter punkt 4. Dessutan gjorde representantane frå Hordaland merksam på at også namnespørsmålet må takast opp til avgjerd av di det skal skrivast ut vitnemål for avgangsklassane i Ølen

Med omsyn til punkt 4 i avtalen var det nok tenkt på kven som skulle tilsetjast i rektorstillinga. I Ølen var rektor Bogsnes tilsett mellombels, men han hadde lang røynsle både som rektor og ellers i skuleverket, i Sandeid var Trygve Mikal Viga tilsett som rektor, men her skulle skulen leggjast ned. Me legg og merke til at idrettsklassane i Sandeid ikkje var nemnde. Ølen vgs søkte i 1979 om å få oppretta klassar i landbruksmaskinmekanikarfaget. Fylket vedtok at desse skulle leggjast til jordbruksskulen i Etne. Det er ikkje nemnd noko om jordbruksskulen i protokollen av 07.05.79.

Fylkestinget i Hordaland gjorde den 18. oktober 1979 slikt vedtak (sak 78) mot 1 røyst.

1. Fylkestinget held fast på sitt tidlegare vedtak om at Ølen er den mest naturlege skulestad for ein region med Ølen og Etne kommunar i Hordaland og storparten av Vindafjord kommune i Rogaland. Fylkestinget finn det naturleg at siktemålet må vera å samla den vidaregåande utdanninga i regionen i Ølen.
2. fylkestinget vedtek at utbygginga av den vidaregåande skulen i Ølen skal skje i eitt byggesteg og då med dei fire hovudstudieretningane i allmenne fag, handverks- og industrifag, handels- og kontorlag og husstellfag. Tidspunktet for byggestart må ein seinare ta stode til idet ein tek omsyn til den vedtekte prioriteringsplanen.
3. Noverande klassar i Etne – klassar i studieretning for handverks- og industrifag og husstellfag – vert å overføra til skulen i Ølen frå det tidspunktet den nye skulen står ferdig.
4. Etter at saka er ferdig handsama i Rogaland fylkesting ber fylkestinget om at saka vert drøfta vidare med Rogaland om meir praktiske sider ved samarbeidet, m.a. må ein ta sikte på å koma fram til tilfredsstillande ordningar for dei tilsette ved klassane i Etne. Vidare må administrasjonsordninga fram til skulen i Ølen står ferdig drøftast nærare med Rogaland.

Med dette vedtaket var det frå Hordaland si sida endeleg klarlagt kva som skulle samlast i Ølen. Men det skulle også gjerast vedtak i Rogaland. Eit positivt vedtak ville medføra nedlegging av Sandeid handelsskule. Det var ikkje lett å seia ja til nedlegging av ein skule, særleg ikkje når både tilsette og lokalsamfunnet var heller lunkne (for å seia det mildt). I eit oppslag i Haugesunds Avis 22.03.80 går det fram at ei kommunal nemnd i Vindafjord klårt tek avstand frå å samla den vidaregåande utdanninga i Etne, Ølen og Vindafjord til eitt skulebygg i Ølen. Derimot går nemnda for eit samarbeid dersom tilboda kan vera slik dei er i



dag, eventuelt med eit tillegg av ei ny line på Liarheim i Skjold, lagd under administrasjonen i Sandeid. Likeeins arbeidde ei kommunal nemnd i Etne for halda på linene for husstell og handverk- og industri i Etne. Kommunestyret i Etne vedtok den 28.05.80 å setja opp eit nytt verkstadbygg for mask. og mek. i von om at dette skulle halda klassane i Etne.

Før sommarferien 1980 vart Samson Bogsnes tilsett som rektor ved Kvinnherad vgs. Det ville nå vera ledig stilling som rektor i Ølen for Viga dersom det vart samarbeidsavtale, men Rogaland kunne ikkje venta for lenge med å å bestemma seg dersom rektorkabalen skulle gå opp. Olaf A. Hamre fekk nå førespurnad frå fylket om å fungera som rektor "eit par månader" til dei fekk ordna avtalen med Rogaland. Audun Namtvedt fekk same førespurnad om å fungera som undervisningsinspektør. Dei gjekk då inn i desse stillingane, men det som var meininga berre skulle vara eit par månader, varte heile skuleåret 1980/81.

### **Avtale med Rogaland fylke**

Rogaland fylkesting fekk seg førelagt saka på møte den 24. februar 1981, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Rogaland fylkesting vedtar at Sandeid vidaregåande skole økonomisk og administrativt blir knytt til den vidaregåande skolen i Ølen.
2. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenna avtale med Hordaland vedkomande om samarbeid om vidaregåande opplæring for kommunane Ølen, Etne og Vindafjord etter eit desentralisert mønster i prøveperioden

Punkt 2 i vedtaket gav rom for fleire tolkingar, og både skulen i Ølen og Hordaland fylke kjende seg utrygge på om dette innebar samling av skulen i eitt bygg. Både skulen og Ølen kommune gav uttrykk for misnøye med vedtaket i Rogaland, og ein frykta at eventuelt nytt skulebygg låg langt fram i tid. Hordaland fylkeskommune hadde hastverk nå. Hordaland fylkesskulestyre skulle ha tilsetjing i dei administrative stillingane i skulen på møte den 23.mars 1981. Arbeidstakarorganisasjonane pressa på fylket for å få ei avgjerd i tilsetjingane. Hordaland fylke ba om eit møte med Rogaland for å få avklara punkt 2 i vedtaket. Dette møtet vart halde den 17. mars 1981 Regjeringskvartalet i Oslo. Me ser at begge fylka er tungt representerte på møtet.

Desse møtte:

Frå Rogaland: Fylkesordførar Jon Tveit, fylkesskulestyreform. Magne Løvik, fylkesrådmann Fredrik Wendt og fylkesskulesjef Gunnar Leiro.

Frå Hordaland: Fylkesordførar Ole Dramdal, Fylkesskulestyreform. Syvert Birkenes, nestform i fylkesskulestyret Ingebjørg Prestegård, fylkesutvalsmedl. Håkon Holgernes, fylkesskulesjef Gunnar Dale, kontorsjef hos skulesjefen Johs. Sandvik, førstekons. hos skulesjefen Helge Skaar, førstekonsulent hos økonomisjefen Egil Nøttveit og fylkessekretær Johnny Stiansen.

Frå protokollen kan me lesa:

- 1 Rogaland sitt vedtak om felles administrasjon er eit endeleg vedtak.
- 2 Representantane frå dei to fylkeskommunane var samde om at det må opprettast ein avtale om det praktiske og økonomiske og økonomiske opplegget for samarbeidet for den tid undervisninga vert driven på fleire stader.
- 3 Representantane frå Rogaland sa seg samde i at Hordaland fylkeskommune no kan gå i gang med planlegging/prosjektering av nytt skulebygg i Ølen som femner om dei fire hovudstudieretningane

Hordaland fylkesutval slutta seg til protokollen i møte den 19. mars 1981 sak 156A.

1. Fylkesutvalet sluttar seg til protokollen som er sett opp etter møtet med representantar for Rogaland fylkeskommune 17. mars 1981
2. Hordaland fylkeskommune overtar det økonomiske og administrative avsvaret for Sandeid vidaregåande skule frå 1. august 1981 etter nærare tingingar med Rogaland.
3. Fylkesutvalet ber fylkesskulestyret ta seg av desse tingingane.
4. I samsvar med fylkestinget sitt vedtak vert klassane i Etne og Sandeid å føra over til Ølen seinare.

Fylkesordføraren i Hordaland gjorde i orienteringsbrev til fylkesutvalet om ovannemnde det klart at protokollen frå sammøtet nå gjorde det klart at det stod opp til Hordaland åleine å avgjera tidspunktet når klassane i Etne og Sandeid skulle overførast til Ølen.

Men det var nok dei som meinte at forhandlingsnemnda til Rogaland hadde gått lengre enn mandatet dei fekk frå fylkestinget. I samband med dette har Etne formannskap i møte den 3. april ein merknad til vedtaket i fylkesutvalet:

” Etne formannskap kan ikkje slutta seg til pkt. 3 i protokoll frå sammøte mellom Rogaland og Hordaland i Oslo den 17. mars d.å. slik den er vedteken av Hordaland fylkesutval i møte den 19. mars 1981, sak 156A

I Rogaland fylkesting sitt vedtak 24. februar d.å. går det i punkt 2 fram at Rogaland fylkesutval får fullmakt til å godkjenne ein avtale om samarbeid om vidaregåande opplæring for Etne/Ølen/Vindafjord etter eit desentralisert mønster i prøveperioden.

Ein kan ikkje sjå at pkt. 3 i protokollen frå sammøtet i Oslo er i samsvar med ovannemnde fylkestingsvedtak og det er heller ikkje etter ynskjemåla frå Etne og Vindafjord kommunar. Ein vil på ny minna om at Vindafjord og Etne kommunar utgjer 75% av elevgrunnlaget i regionen.

Vi vil vona at ein vidaregåande skule for Etne/Ølen/Vindafjord-regionen vert utprøvd etter eit desentralisert mønster og at endeleg avgjer om skulemønsteret først vert teke opp når prøveperioden er over”

Frå handsaminga av saka i fylkesutvalet i Rogaland den 27. april 1981 kan ein lesa:

Fylkesutvalget behandlet saken i møte 27. april 1981. Det ble protokollert følgende:

Lars Vaage satte fram forslag om at protokoll fra møtet 17. mars 1981 tas til etterretning.

Jakob Eng satte fram forslag om at saken blir å referere i fylkestinget.

Vedtak: Lars Vaages og Jakob Engs forslag tiltres.

Fylkesordføreren legger saken fram for fylkestinget under henvisning til fylkesutvalgets vedtak

Med dette var saka i realiteten klar frå Rogaland si side. Saka vart lagd fram for fylkestinget 23. juni 1981 og godkjent utan endringar.

Skulen kunne nå samlast under ein administrasjon i Ølen, og avdelingane i Etne og Sandeid leggjast ned så snart nytt skulebygg stod ferdig. Og det var Hordaland åleine som skulle avgjera når nytt skulebygg skulle setjast opp.

### **Ølen vidaregåande skule – skule for 3 kommunar og i 2 fylke**

Administrasjonsordninga for Ølen vgs. vart nå gjord permanent, og fylkesskulestyret tilsette frå 1. august 1981 som rektor Trygve Mikal Viga, som undervisningsinspektør Olaf A Hamre og som studieinspektør Marthon Inge Hustoft. Tilsetjingane vart gjort faste. Viga var vald som ordførar i Vindafjord ut 1983 i halv stilling og Gunnar Ulland fungerte som dagleg leiar for avdelinga i Sandeid i denne perioden. Etter samarbeidsavtalen skulle Rogaland ha ein observatør i skuleutvalet. Det var i alle år Einar Grønstad frå Sandeid.

Ved kommunevalet hausten 1983 vart Viga vald til ordførar for nye fire år. Ordførarombodet vart nå gjort om til heil stilling, og han søkte permisjon frå rektorstillinga si i Ølen til ut 1987. I perioden 1984 – 1987 vikarierte Olaf A Hamre i rektorstillinga, Gunnar Ulland vikarierte som undervisningsinsp. og Svein Sævereid vikarierte for Ulland som dagleg leiar i Sandeid.

### **Ny line – elektrofag.**

Etter initiativ frå Ølen kommune, og oppfyljing frå skulen vart det hausten oppretta ein grunnkursklasse i elektrofag. Denne fekk plass i det gamle meieribygget som vart pussa opp. Då dette var nye fag på skulen fekk me god hjelp av Øystein Rullestad frå Odda yrkesskule. Han var med som konsulent før oppstart, og etter å ha fått permisjon 1 år frå Odda, vart han den første læraren for klassa. Året etter vart det oppretta vidaregåande klasse i elektrofag sterkstraum. Begge desse klassane hadde verkstad på meieriet, men me måtte på ny leiga teorirom for dei i helsehuskjellaren. Nemnast må det og at Gunnhild B. Oma frå Bjoa hausten 1983 vart innvald som nestleiar i fylkesskulestyret. Ho var god å ha når skulen skulle fremja nye saker.

## **Nybygg**

### **Ny prioriteringsliste på fylket**

Ved inngangen til 1984 kan ein seia at skulen var nokså tungdriven med undervisning i tre kommunar, og tildels spreidd også innan kvar kommune. I tillegg var alle bygga provisoriske. Og skulen stod framleis nokså langt bak på prioriteringslista til fylket. Men Ølen kommune hadde alt i skriv av 21. januar 1982 sendt fylkesskulestyret stadfesta reguleringsplan med innregulert tomt for den vidaregåande skulen. Tomta var på 26 daa. Plassering og storleik var drøfta med politikarar og administrasjon i fylkeskommunen, som alle var nøgde med tomt og plassering. Slik hadde då kommunen lagt alt til rette for bygging av den nye skulen.

I 1983 tok arbeidet med å laga ny prioriteringsplan for utbygging av vidaregåande skular til på ny. Av den tidlegare prioriteringsplanen (vedteken av fylkestinget juni 1978), var grunna fylket sin dårlege økonomi berre eitt skulebygg – Øystese gymnas - realisert. På denne lista stod ny skule i Ølen på 8. plass. Men i forhandlingane med Rogaland i 1981 vart det også tatt opp om mogeleg oppprioritering av skulen i Ølen.

I saka om førebels rammer ("skisse") for nytt LTB desember 1983, tok rådmannen i Hordaland opp spørsmålet om å reisa eit erstatningsprosjekt innan skuleverket med byggestart i 1986. På grunn av at dei økonomiske rammene såg ut til å betra seg litt, vart det lagt til grunn ein forsiktig auke i investeringane. Om skuleverket skreiv han at det kunne vera mogeleg å få i gang eit nytt prosjekt alt i 1986 – dersom ein valde eit prosjekt som alt belastar driftbudsjettet.

I si tilråding til fylkesskulestyret om nytt LTB skriv fylkesskulesjefen mellom anna:

Som nemnd tidlegare har fylkesutvalet vedteke å føre opp i langtidsbudsjettet eit erstatningsbygg for igangverande undervisning. Oppfølging av eit erstatningsbygg på investeringsbudsjettet så høgt oppe på prioriteringslista er ikkje med i fylkesskulestyret sitt framlegg til utbygging av vidaregåande skular i Hordaland. P.g.a. fylkeskommunen sin vanskelege økonomi, finn fylkesskulesjefen det likevel rett å gå inn for eit erstatningsbygg med oppstart i 1985.

Fylkesskulesjefen finn vurderinga av kva skole ein skal gjera framlegg om svært vanskeleg.

.....

Han nemner nå tre skular om peikar seg ut: Åsane yrkesskule, Ølen vidaregåande skule og Askøy vidaregåande skule. Innsparing i leigekostnadane vert størst om ein vel Åsane yrkesskule eller Ølen vgs. Dei skulane som har dei langt vanskelegaste undervisningstilhøva er Ølen og Åsane. Til slutt skriv han:

Fylkesskolesjefen finn det svært vanskeleg å prioritere mellom desse. Fylkesskolesjefen vil likevel gå inn for Ølen vidaregåande skule sidan denne skolen er spreidd i 3 ulike kommunar og truleg har både dei administrative og undervisningsmessig største vanskanane.

Men Askøy ville ikkje godta dette, og ein veldig politisk kamp fylgde. Både Ølen og Askøy hadde kontakt med, trur eg, samtlige fylkespolitikarar. Alle politiske parti i begge kommunane var engasjerte. I den dryge månaden kampen stod, fekk eg som rektor knapt gjort anna arbeid enn å prøva å påverka politisk dei ymse fylkespolitikarane. Ølen hadde berre seg sjølv å lita på, frå Etne var det lite støtte å henta. Askøy si sak stod sterkt i Arbeidarpartiet, og dei var nesten ikkje å rikka. Men me skjønna at administrasjonen i fylket helst kunne tenkja seg at Ølen fekk nybygget.

Fylkesskulestyret hadde saka oppe 26. mars 1984 og eit fleirtal på 8 røysta på Ølen, medan eit mindretal på 7 røysta på Askøy.

Fylkesutvalet hadde saka oppe den 29.03.84. Her gjorde Arbeidarpartiet framlegg om å setja Askøy vgs prioritert føre Ølen vgs. Ved røystinga fekk dette framlegget berre 5 røyster. Det er å merkja at Tveit frå Arbeidarpartiet i Odda røysta for Ølen. Det vart deretter fleirtal med 11 røyster for Ølen.

Kvelden før fylkestingshandsaminga fekk ein delegasjon frå Ølen og ein frå Askøy leggja fram sine argument for eit utval av fylkestingsrepresentantar. Delegasjonen frå Ølen bestod av Endre Heggen, Johannes Løvdahl og Olaf A Hamre.

Askøy hadde vel nå innsett at dei var i ferd med å tapa kampen. Det vart så gjort framlegg om å føra begge skulane opp på same prioriteringsplass. Dette vart vedteke samrøystes i fylkestinget den 9. april 1984.

1. Stend jordbruksskule – ny driftsbygning
2. Etne jordbruksskule – diverse arbeid
3. Voss jordbruksskule – administrasjonsbygg
4. Askøy vgs/Ølen vgs – erstatningsbygg

Dei tre første skulane var oppførte med etter måten små summar, så vedtaket var jamgodt med å setja opp Ølen som nr 1. Det nye bygget var nå oppført med 1 mill i 1986, 20 mill i 1987 og 19 mill 1988.

### **Oppføring av nytt skulebygg**

Fylkesutvalet vedtok i møte 18.04.85 romprogram for skulen. Det skulle vera rom for:

Studieretning	AF	6 kl. klassar (2 parallellar)
	HH	1 kl. grunnkurs og 1 kl omsorgsfag vkI
	HI	1kl mask. og mek. gk
		1 kl mekanikarline1vkI
		1 kl elektrofag gk
		1 kl elektrofag vkI
		1 kl. for funksjonshemma (8-gruppe))

HK 2 kl grunnkurs  
1 kl kontor- og administrasjonsline vkI

I alt 16 klassar med eit elevtal på 359. Nettoarealet vart sett til 4740 kvadratmeter og bruttoarealet 6400 kvadratmeter. Samla kostnad vart kalkulert til 43,450 mill. kr. ved ferdigstilling i slutten av 1988. I fylkestinget i desember vart det vedteke å leggja ny tannklinikk til skulebygget. Dette auka arealet med 120 kvadratmeter og kostnadsrama med 800 000 kr. Inne i romprogrammet var det sett av 945 kvadratmeter til gymnastikksalar (ca to normale gymnastikksalar). Etter initiativ frå skulen, vart det vedteke at Ølen kommune skulle byggja idrettshall, og at fylket skulle la midlane som ellers hadde gått til gymnastikksalar, gå inn i idrettshallen. Skulen skulle så ha førerrett til å leiga hallen i skuletida. Ein må særleg nemna Johannes Silde som var den frå skulen som tok opp dette i første omgang. Med desse endringane vart arealet sett til 5.575 kvadratmeter. Innskotet i idrettshallen vart rekna til kr 3,5 mill.

Arkitektane Holmedal & Husum på Stord fekk oppdraget med å teikna skulen. Prosjekteringsarbeidet starta hausten 1985. Som brukarkontaktar frå skulen vart utpeika lektor Olav Talberg og Olaf A. Hamre. Ein kan nemna at det då var nytt i Hordaland fylkeskommune med lokale brukarkontaktar. Dei lokale brukarkontaktane kom likevel såpass seint med i nemnda at både storleiken og utforminga av bygget alt var avgjort. Arealet var nå redusert til 5.444 kvadratmeter som dels var medvite arbeid ved å redusera trafikkareal m.v. og dels ved at nokre funksjonar var lagt til tilfluktsrommet. Me som var lokale representantar såg nok at ein del løysingar var arealmessig knappe, men fylket sine representantar var svært opptekne av at kostnadsramma ikkje måtte overskridast. Etter den harde kampen med Askøy, var det ingen som huga på ny strid. Me fekk berre vera glade til at me fekk det me fekk. Slik var det berre mindre ting me kunne endra på etter at me kom med i nemnda. Forutan representantar frå arkitektkontoret var konsulent Magnus Eliassen frå fylkesbyggesjefen og prosjektleiar Harald Lyssand frå fylkesbyggesjefen med i nemnda.

Etter ein planleggings- og godkjenningsperiode på knappe to år, starta byggearbeidet i september 1987. Det var Stolz Røthing Haugesund som hadde grunn- og betongarbeidet. Byggetida var knapp og hektisk. Femten månader etter byggestart stod bygget ferdig til innflytting årsskiftet 1988/89. Siste skuledag før jul bar elevane utstyret frå brakker og samfunnshus over vegen og opp i det nye bygget. Såleis var ein på plass med alt og klar til undervisning i nybygget då skulen tok til etter juleferien. Medrekna tannklinikken enda ein så opp med eit bygg på netto 4.130 og brutto 5.475 kvadratmeter, til ein kostnad av 50,370 mill. kr, medrekna innkjøp av inventar. I tillegg betalte fylkeskommunen inn 4,130 mill. kr i idrettshallen. Det var stilt 225 tusen kr til disposisjon for kunstnerisk utsmykning av skulen og det var kjøpt inn kunst frå desse kunstnarane:

Annette Koefoed	skulpturar
Therese Christensen	maleri
Suvi Nieminen	teksturobjekt
Anne K. Wille	teikningar
Karen Rebekka Vasstrand	tresnitt m/innslag av akvarell og tusj
Thomas Hestvold	maleri

Oskar Aakre var lokal representant i utsmykningsnemnda. Som så ofte var det kunsten som vart mest diskutert og vurdert av brukarane i ettertid.

Ordførerperioden til Trygve Mikal Viga gjekk ut i 1987 og han var på plass som rektor januar 1988. Dei andre i leiinga gjekk tilbake til sine tidlegare stillingar. Rektor Viga leia festen ved den offisielle opninga av skulen den 23. mai 1989. På festen overrekte fylket midlar til ein halv språklabb, den andre halvparten fekk ein ta av eige budsjett seinare.

## **Skule i nybygget fram mot år 2000**

### **Om administrasjonen**

Våren 1989 gav Viga melding om at han ville slutta som rektor. Familien hans hadde flytta til Stavangerområdet, og han hadde sjølv fått seg ny stilling der. Etter mange år innan skulen gjekk han ut or skuleverket. Frå august 1989 vart Olaf A. Hamre tilsett som rektor, Gunnar Ulland som undervisningsinsp. I. Det vil seia at ein hadde tilbake den same leiinga som under Viga sin permisjon. I tillegg fekk skulen auka administrasjon med ein undervisningsinsp. II-stilling. Her vart Olav Talberg tilsett. Då han slutta i 1991 fekk Svein Sævereid stillinga. Vigdis Boland Rønnevik og Ole Agnar Aadland delte rådgjevar-tenesta frå 1989. I 1998 gjorde fylket vedtak om at det skulle opprettast elevinspektør-stilling ved alle vidaregåande skular frå 1. august. Elevinspektørarbeidet skulle rettast mest mogeleg mot elevane, og gjerne dei som hadde største problem. Marion Kallevik vart tilsett. Ho gjorde eit uvanleg godt arbeid i denne stillinga, og vart nesten sett på som ein mønster-elevinspektør i Hordaland. Data vart innført i administrasjonen og frå 1997 vart vitnemåla skrivne ut på EDB.

### **Idrettslina gjekk tapt**

I samarbeidsavtalen med Rogaland var det ikkje nemnt noko om idrettsklassane. I fylket sine planar inngjekk det at dei skulle flyttast til Åsane. Siste gong det var inntak til idrettsklassane var i 1988. Dei siste gjekk ut frå skulen 1990. Det var eit tap for skulen at desse vart lagt ned. Og det tapet merka ein kanskje betre seinare enn med det same. Idrettsfag har blitt ei populær line som hadde styrkt skulen.

### **Nye tilbod**

Skuleåret 1989/90 var det så stor søknad til allmenne fag at det vart oppretta ein tredje grunnkursklasse. Men då denne gjekk ut i 1992 var ein tilbake til 2 parallellar att i AF. Vidare vart det oppretta ein klasse på HK, vk II - rekneskapsline. Dermed var det også tilbod om treårig utdanning innan handels- og kontorlag. Siste kullet på rekneskapslina gjekk ut i 1996. På elektrolina hadde ein tilbod om vk I sterkstraum. Svakstraum eller elektronikk hadde ikkje fylket undervisningstilbod i sør for Bergensområdet. Skulen fekk i 1989 oppretta klasse i faget som den einaste skulen i Sunnhordland. Seinare fekk skulen oppretta ein vk II klasse i elektronikk – audio- og videoreparatør. Desse elevane tok fagprøva på skulen. Studieretning for helse- og sosialfag kom i gang med grunnkurs i august 1990 og seinare vk I omsorgsfag. Her kan ein nemna Kristine Grønnestad som fekk arbeid med å få lina i gang. På studieretning hotell- og næringsmiddelfag kom ein i gang med vkI kokk i 1994 og Finn Solberg var første lærar for denne klassa.

### **Reform 94**

Undervisningsminister Gudmund Hernes stod som pådrivar for ny lov om vidaregåande skule, den såkalla reform-94. Denne medførte at ovr 100 studieretningar med kvar sine grunnkurs vart redusert til 13. Alle elevar hadde nå rett til 3 års vidaregåande utdanning. Normalordninga var då 3 år på skule for teorilinene eller 2 år på skule + 2 år i lære for yrkesfaga. Yrkesfaga fekk også meir teori enn dei hadde hatt før. For Ølen vgs. medførte det m.a. at AF og HK vart to variantar av same studieretningen. For dei elevane som ellers hadde søkt HK

vart nok dette eit tap, då den nye studieretningen var meir krevjande teoretisk enn den gamle HK lina. Det synte seg at søknaden til denne kombinasjonen etter kvart minka, slik at ein var nede på 2 parallellar, det same som AF tidlegare hadde åleine.

### **Undervisning i samarbeid med næringslivet**

Hausten 1997 vart det oppretta klasse i HN vk I kjøttfag i samarbeid med Fatland slakteri. Undervisninga var delt med at praksistimane var i slakteriet og teorien på skulen. Etterpå kunne elevane rekna med lærlingplass på slakteriet. Det var lett å få lærlingplass, men søknaden til lina var variabel. Etter 2 år vart lina lagt ned. Rudi Hereide var lærar første året. Same hausten (1997) kom ein også i gang med ein klasse i skipsbygging i samarbeid med Westcon. Også her var all praksisopplæring lagt til verftet, og teorien til skulen. Klassen vart ein suksess, namngjeten over heile fylket. Året etter var det elevar til to klassar. Men så var det gjort. I 1999 kasta fleire skular seg på karusellen og då fall elevgrunnet bort i Ølen. Men klassen oppstod på ny ei tid seinare.

### **Undervisning for svake elevar**

Skulen hadde vanlegvis kvart år undervisning i såkalte 8- grupper og 4-grupper for elevar som trong meir hjelp enn ein kunne få i vanlege klassar. I 1995 overtok skulen ansvaret for ei gruppe psykisk utviklingshemma elevar som då var ferdige med grunnskulen. Denne gruppa på fire hadde gått i det kommunen kalla for "spesialskulen" der kvar elev fekk opplæring av vaksne i høvet ein til ein. Dette var ei form for pedagogikk som var ukjend for oss. To assistentar (Halldis Haugland og Osmund Gravelseter) hadde arbeid i gruppa før, og fylgde med over i vidaregåande. Gruppa hadde hatt god hjelp av psykolog Jens Skår, og me søkte nå fylket om pengar til å halda fram under hans rettleiing. Psykolog Skår sine metodar var omstridde, og fylket var umota på å gje klarsignal. Men dei hadde ikkje anna å tilby, så det enda med at me fekk prøva med psykolog Skår. Psykolog Skår dreiv direkte rettleiing i klasesituasjonen, og med eit veldig praktisk opplegg. Han var alltid å nå på telefon dersom det var turvande. Både tilsette og pårørande såg stor framgang hos elevane og var nøgde. Men metodane hans var omstridde så eg følte det som me ballanserte på ei egg. Seinare misste han autorisasjonen for ei tid ei anna sak.

### **Filiaklassar på Tesdal**

Hausten 1997 søkte det berre 7 elevar til skulen på Tesdal i Etne. Det var sterke krefter i sving blant fylkespolitikarane for å leggja ned heile skulen. Som ei naudløysing vart klassane lagt inn under Ølen vgs. frå august 1998. Rektor Ivar Fredriksen misste stillinga si som rektor, og vart avdelingsleiar for Etne avdelinga.

### **Forming ny studieretning**

Skulen søkte og fekk oppretta ny studieretning i formgjevingsfag frå august 2000. Denne lina vart dei neste åra fullt utbygd til eit 3-årig laup. Den første læraren som la ned eit stort arbeid med å byggja opp lina var Ruth Sæle.

### **Fram mot fylkesskifte**

I samband med kommunevalet i 1999 vart det røysta over om Ølen kommune skulle flytta fylke frå Hordaland til Rogaland. På skulen var det inga stemning for dette. Særleg var me redde for at elevsøknaden ville minka om skulen skulle flytta frå eit fylke med inntaks-regionar til eit fylke med fritt skuleval. Ved folkerøystinga vart det fleirtal for å flytta. Byte av fylke skulle skje 1. januar 2002. I det siste skuleåret i Hordaland var det mykje fint folk som kom for å sjå oss over. På eit møte som utdanningsdirektøren i Hordaland hadde med

l raraner i juni 2001 vart det annonsert at skulen p  Tesdal skulle oppst  p  ny under namnet Etne vidareg ande skule. Sj lv om skulen bytte fylke i januar 2002 merka nok elevane liten skilnad dette f rste  ret og det var skuledirekt ren i Hordaland som styrte eksamen for oss.